

Saksbehandlar: Kathrine Tungesvik Matre
Fungerande kommunedirektør: Åsmund Andersen Sekse

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/25	Formannskap	04.02.2025

Høyring - Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtar med heimel i forurensingsforskriften §11-4 at forslag til lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegg i for Etne kommune vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperioden er 6 veker. Ny forskrift skal sikre heimel til å kunne krevje inn gebyr i samband med sakshandsaming, kontroll og tilsyn av private avløpsanlegg.

Formannskap 04.02.2025

Behandling:

F - 004/25 Vedtak:

Samrøystes

Formannskapet vedtar med heimel i forurensingsforskriften §11-4 at forslag til lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegg i for Etne kommune vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperioden er 6 veker. Ny forskrift skal sikre heimel til å kunne krevje inn gebyr i samband med sakshandsaming, kontroll og tilsyn av private avløpsanlegg.

Saksutgreiing

Samandrag

Det er behov for å utarbeide ei lokal gebyrforskrift for sakshandsaming og tilsyn av private avløpsanlegg i Etne kommune. Forvaltningslova § 27 regulerer kommunen si plikt til å fastsette gebyr i ein lokal forskrift som følgjer prinsippet om sjølvkost, som betyr at gebyra ikkje skal overstige dei faktiske kostnadene kommunen har for handsaming og tilsyn. Forvaltningslova § 37 set krav om offentleg ettersyn av forskrifter før vedtak, for å sikre openheit og høve til å kome med merknader. Saka vert difor lagt fram for formannskapet til å avgjere om den skal leggast ut til offentleg ettersyn. I høyringsperioden vil det vere mogleg for innbyggjarane i Etne kommune å sende inn merknader til den endelige forskrifta før den vert vedtatt.

Bakgrunn for saka

Etne kommune er ein kommune med mykje spreidd busetnad utan påkopling til det offentlege avløpsnettet. Hus og hytter som har innlagt vatn, men som ikkje er knytt til offentleg avløp, må ha eige utsleppsløye og anlegg for reining før utslepp. Avløpsanlegg som ikkje fungerer fører til forureining. Samla sett er det over 1500 private avløpsanlegg i kommunen, og det er viktig at desse fungerer som dei skal, og at dei reinsar avløpet tilstrekkeleg før utslepp.

Krava til reining vert stadig strengare. Gjennom EU-direktiv er norske kommunar pålagt til å kartlegge alle elvar og vassdrag med det føremål at dei skal vere i miljømessig god stand. Målsetninga nasjonalt er at alle avløpsanlegga i kommunane oppfyller forureiningsforskrifta sine reinsekraav, slik at miljømåla etter vassforskrifta kan nås innan 2027, og seinast 2033. Dette medfører at kommunane må få kontroll på spreidd avløp, og er forplikta til å redusere forureininga frå private avløpsanlegg.

Forureiningslova § 52a gir kommunen heimel til å krevje gebyr for kontroll, godkjenning og tilsyn med utsleppsløye etter kapittel 12 i forureiningslova, inkludert private avløpsanlegg. Plan- og bygningslova § 33-1 gir heimel til å fastsette gebyr for sakshandsaming i byggesaker, herunder søknader knytt til avløpsanlegg.

Etne formannskap vedtok i møte 06.02.2024 at takstheftet, under overskrift "Slam" med tekst «Tilsyn/oppfølging avvik ved kommunen», med sats 550,- (2024) per tilsyn, vert endra frå «per tilsyn» til «per år». For å krevje dette gebyret er det behov for å utarbeide ei lokal gebyrforskrift. Målsetjinga med forskriftsarbeidet har vore å sikre rettferdig, lik og føreseieleg handsaming. Det er lagt vekt på å gjøre forskrifta lett å forstå, både for dei som skal etterleve ho og for dei som skal handheve ho.

Saks- og faktaopplysningar

Fastsetjing av gebyret bygger på sjølvkostprinsippet, som inneber at kommunens kostnader ved å tilby tenestene skal dekkast gjennom gebyra abonnentane betalar. Kommunen har ikkje lov til å tene pengar på desse tenestene, i samsvar med forureiningsforskrifta. Eit underliggjande prinsipp er at den som forureinar, skal betale for dei offentlege tenestene knytte til forureiningshandtering.

Sakshandsamingsgebyr

Alle bustader med innlagt vatn, inkludert fritidsbustader, skal ha eit godkjent utslepp. Dette betyr i praksis eit godkjent avløpsreinseanlegg, inkludert tett tank for toalettavløp eller biodo. Godkjenninga blir gitt av kommunen, og kostnaden ved å handsame søknaden blir dekt gjennom eit sakshandsamingsgebyr. Dette gjeld også for søknader om utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstader, utslepp av oljehaldig avlaupsvatn og for påslepp til kommunalt leidningsnett. Gebyret er standardisert og omfattar kommunen sine kostnader med sakshandsaminga. Det blir fakturert som eit eingongsgebyr etter vedtak, òg ved avslag på søknaden.

Tilsynsgebyr

Tilsynsgebyr er eit gebyr som eigarane av private avløpsanlegg må betale for at kommunen skal kunne føre tilsyn med anlegga. Miljøverdepartementet har frå 01.01.2007 pålagt kommunane å føre tilsyn med mindre avløpsanlegg, i samsvar med krav i forureiningsforskrifta og forureiningslova. Dette ansvaret fører til eit omfattande arbeid for kommunen for å overhalde tilsynsplikta. For å finansiere dette arbeidet, har kommunen rett til å innføre gebyr, basert på sjølvkostprinsippet, som betyr at gebyra skal dekkje kommunens faktiske kostnader ved å tilby tenestene. Kommunen har ikkje lov til å tene pengar på desse tenestene. Tilsynsgebyret dekkjer kostnadene for kommunen ved å føre systematisk kontroll med at utsleppsløye og påslepp blir følgde, og kommunen har både rett og plikt til å føre dette tilsynet, jf. forureiningslova § 48 og forureiningsforskrifta § 12-2. Dette er nødvendig for at kommunen skal oppfylle både nasjonale og internasjonale forpliktingar, som EUs

vassrammedirektiv, som stiller krav om kartlegging og klassifisering av vassførekommstar og set miljømål for vasskvalitet. Tilsynet omfattar blant anna kontroll av tankar ved tømming, prøvetaking og analyse av vassprøver frå minireinseanlegg og gråvassanlegg, kontroll av infiltrasjonsareal, utsleppspunkt og lokale vasskjelder, samt rapportering til nasjonale styresmakter. Gebyret blir fakturert årleg, sjølv om tilsyn ikkje skjer kvart år, og det er likt for alle typar anlegg. Det blir ikkje lagt meirverdiavgift på tilsynsgebyret. For bustader med separate anlegg for svartvatn og gråvatn, vert det berre kravd eitt tilsynsgebyr.

Vurdering

Reinsing av avløpsvatn er eit prioritert tiltak i den regionale planen for vassforvaltning i Vestland og eit viktig tiltak for å nå måla i vassforskrifta, sidan avløp er ein av dei største påverknadane på vasskvaliteten i kommunen og regionen. Kommunen manglar oversikt over avløysløsingane, kva for tilstand anlegga er i, om utsleppsløyva blir haldne, og om dei burde oppdaterast. Det er derfor eit betydeleg etterslep og mykje arbeid som må til for at kommunen skal kunne overhalde tilsynsplikta. Kommunen har ikkje hatt tilstrekkelege ressursar til dette arbeidet, og det har ikkje blitt prioritert. Innføring av lokal gebyrforskrift kan bidra til at arbeidet blir sett i gang og prioritert. Utkast til forskrift gir rammene for gebyr i samband med sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegg i Etne kommune, og vil bli lagt ut på høyring i ein periode på 6 veker.

Økonomisk konsekvens

Forskrifta byggjer på prinsippet om sjølvkost. Dette inneber at alle kostnader knytte til forskriften vert fullt ut dekte av gebyra som vert kravde inn frå brukarane. Det betyr at kommunen ikkje tener pengar på ordninga, men heller ikkje subsidierer ho. Dette sikrar at ordninga er økonomisk berekraftig og rettferdig for alle innbyggjarar. Tilsynsgebyret blir fakturert eigarane av avløpsanlegget årleg, og er likt for alle typar anlegg. For bustader med separate anlegg for svartvatn og gråvatn, vert det berre krevd eitt gebyr. Gebyret kjem i tillegg til slamtømmingsgebyr og eventuelle gebyr for serviceavtale hos leverandør.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Etne kommune annser det som naudsynt å innføre gebyrfinansiering for å kunne ha ressursar til å overhalde tilsynsplikta. Kommunedirektøren går difor inn for at det blir sendt ut på offentleg høyring eit utkast til lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn av private avløpsanlegg.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Forureiningslova

Plan- og bygningslova

Forvaltningslova

Vedlegg:

Forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegg, Etne kommune, Vestland (1).pdf